

## Ny runde om naust-sak



Naustet til Gunnar Kjærland er det næraste på dette biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ei naust-sak i Uskedalen går no inn i ein ny runde. Gunnar Kjærland ber kommunen om at forvaltningskomiteen held synfaring før saka hans blir handsama. Då vil det bli klårt at frådelling ikkje vil gje ulemper eller medføra presedens for andre, held han fram.**

Kjærland vurderer å selje eigedomen sin då den har vorte for stor å vedlikehalda og både han og kona har passert 80 år. Han har bygt naust og brukar mykje av fritida si til fiske og aktivitetar i naustet.

Naustet, båten og fiske er rekreasjon for kropp og sjel og Kjærland vil gjerne fortsetja denne hobbyen ved å frådele naustet frå eigedomen.

Naustet ligg i ei rekkje med 4 naust. Kjærland har ikkje vore kjend med at berre 3 av dei er vist som naustområde i kommuneplanen frå 2003. Naustet hans var då 7 år gammalt og han finn det urimeleg å bli behandla annaleis enn dei 3 andre nausteigedomane.

Kjærland sitt naustareal er i kommuneplanen vist som LNF-område. Resten av nausteigedomen vil han gjerne skal fylgje bustadeigedomen som før slik at den kan ha tilkomst til sjø.

Som særleg grunn nemnas Kjærland at han i seinare tid har gjort eit stort og kostbart arbeid med elveførebyggjing for å sikra både kaien, nausta og riksvegen, Dette var heilt nødvendig og er utført i samråd med NVE. Han synest at det då er rimeleg at han kan få fortsetje å eiga dette.

Av Ola Matti Mathisen